



# UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

## Ordinær eksamen i EXPHIL03 hausten 2010 – sjølstudiumsvarianten

Tysdag 7. desember - kl 09.00-13.00 (4 timar)

Du finn heile oppgåvesettet på ei side.

Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.

Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II.

### Del I: Filosofi- og vitenskapshistorie

Anten:

#### Kant

Det skal svarast på både a) og b).

- Kant skil mellom analytiske og syntetiske domar. Forklar kva dette skilet går ut på hos han.
- Gjer greie for Kant sitt syn på årsak-verknad, og samanlikn med Hume sitt syn på det same.

Eller:

#### de Beauvoir

I *Det andre kjønn* seier Simone de Beauvoir at lukke ikkje er eit omgrep ho vil leggja til grunn, men at perspektivet hun brukar er ein eksistensialistisk etikk kor fridom er sentralt. Gjer greie for samanhengen mellom perspektivet hennar og dei sentrale omgrepa *immanens*, *transcendens* og *Den andre*.

### Del II: Etikk

Anten:

#### Autonomi

Friedman argumenterer i sin artikkel «Feminisme i etikken» for ein moralsk og personleg autonomi. Gjer greie for argumentasjonen hennar og for kvifor ho òg kritiserer Kant i denne samanhengen.

Eller:

#### Dygdsetikk

I sin artikkel “Dygdsetikk og abort” seier Rosalind Hursthouse at dygdsetikken inneber ei omskaping av synet på korleis abortdebatten bør vera, og at dei to vanlegaste moralske omsyn i abortdiskusjonen – fosteret sin moralske status og rettane til kvinner – vert irrelevante problemstillingar. Drøft kva det er ved Hursthouse si dygdsetiske tilnærming som gjer det mogeleg for henne å koma med ei slik påstand, og gjer greie for kritikken hennar av desse to vanlegaste omsyn.